

## **HORDALAND SOGELAG**

**Protokoll frå styremøte i Hordaland sogelag torsdag 26. november 2009 kl. 15.00.**

**Stad: Hordaland fylkeskommune, Agnes Mowinckelsgt.5, 5020 Bergen.**

**Til stades: Else Marie Kind Hevrøy, Jarleiv Haugland, Mikal Heldal, Einride Åkra, Åse Eikemo Strømme, Sigrid Kaale.**

### **Sak 41/2009: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Ingen merknad til innkallinga eller saklista.

Jarleiv ynskjer å orientera om den økonomiske stoda i laget under eventuelt.

### **Sak 42/2009: Godkjenning av protokoll frå styremøte 23 .09. 2009.**

Protokollen vart godkjend utan merknader.

### **Sak 43/2009: Innkomne skriv og meldingar**

- Nemnda for Skottehandelen har hatt møte. Går no inn i ein søknadsrunde om midlar. Elles ikkje noko nytt.
- Radøy sogelag 20 år. Radøy sogelag hadde ei fin 20-års markering med stor oppslutnad. Mikal representerte Hordaland sogelag.
- Lokalhistorisk Magasin nr 03 -2009 vart delt ut.
- Hordaland bygdekvinne lag har gjeve ut: Ord og uttrykk frå Hordaland. Boka kan vera svært interessant.

### **Sak 44/2009: Årsmøte og lokalhistoriske dagar 2010**

Lokalhistoriske dagar og årsmøte vert på Askøy (Strusshavn) 12. -13. mars 2010 med Askøy sogelag som tilskiparar.

Innsamling av lokalt stoff er eit aktuelt emne å ta opp.

Det vert orientert om tid og stad i medlemsbrevet som vert sendt ut til jul.

Ein må også minna om at det må veljast utsendingar på årsmøta.

### **Sak 45/2009: Studietur 2010**

Island vert reisemålet denne gongen. Aktuell dato kan vera 27/7 – 3/8. Mikal undersøker litt meir om opplegg og prisar.

### **Sak 46/2009: Medlemsbrev før jul**

Det vert sendt ut medlemsbrev i første halvdel av desember. Else Marie har ansvar for det.

Laga må få vita kvar studieturen 2010 går.

Mikal orienterer om årsmøte og lokalhistoriske dagar på Askøy i mars 2010.

Åse refererer frå landsmøte der kontingenten på landsbasis no vert omlagd slik at ein heretter skal betala for kvart medlem.

### **Sak 47/2010: Eventuelt andre saker**

Økonomi: Jarleiv gjorde greie for den økonomiske stoda til laget. Laget har tre kontoar.

Temahefte: Mikal orienterte om framdrifta der. Ein prøver med å gje ut første hefte i serien

**Segn og søge frå Hordaland** no. Som prøveprosjekt gjev ein ut Anton Espeland sin monografi med same namn frå 1933. Ein søkjer om momsfrítak. Omsetnad: Lokallaga får tilbod om å kjøpa heftet il kr. 30,00, og selja det vidare for kr. 50,00. Lagerplass er eir problem.

Me må prøva få til ein base for lokalhistorisk stoff i Hordaland slik dei har fått det til i Sogn og Fjordane (Sogna). Aune og Lothe , som har god røynsle med dette, har sagt seg viljuge til å

vera med å arbeida fram prosjektet, men Hordaland sogelag må stå bak. Fylkesarkivet er interesserte i å vera med på innsamlinga. Dette er ei god sak for Hordaland sogelag. Me prøver å få Aune og Lothe med på styremøtet i januar. Mikal samlar opp prisar og Åse fylgjer opp kontakt med Aune og Lothe.

**Neste styremøte tysdag 26. Januar 2010.** ( tidspunktet vert fastsett seinare)

Fykse, 2. desember 2009.  
Sigrid Kaale  
-skrivar-

Protokollen går til fylgjande:

Else Marie Kind Hevrøy (leiar)  
Ebbesvikvegen 235, 5350 Brattholmen,  
tlf. 56 33 11 16 (p) mobil 906 28 722  
e-post: [elsemarie@c2i.net](mailto:elsemarie@c2i.net)

Sigrid Kaale, Bjørkevn. 19, 5712 Steinstø (skrivar)  
Tlf. 56 55 79 42 (p) mobil 971 51 062 e-post: [sigridkaale@hotmail.com](mailto:sigridkaale@hotmail.com)

Mikal Heldal, Bøneslien 8 B, 5155 Bønes (nestleiar)  
Tlf. 55 12 07 57 (p) mobil 480 96 673 e-post: [Mikal.Heldal@bio.uib.no](mailto:Mikal.Heldal@bio.uib.no)

Jarleiv Haugland, 5912 Seim (kasserar))  
Tlf. 56 34 18 19 (p) mobil 958 35 430 e-post: [jarleiv.haugland@online.no](mailto:jarleiv.haugland@online.no)

Einride Åkra, Moe, 5590 Etne Tlf. 53 75 70 55 (p) mobil 952 14 623 e-post:  
[kari.aakra@grannar.no](mailto:kari.aakra@grannar.no)

Åse Eikemo Strømme, Lågaskaret 22, 5724 Stanghelle.  
Tlf. 56 59 50 52 (pr.)55 30 60 93 (a.) mobil. 928 41 359  
e-post: [aase.stroemme@ikah.no](mailto:aase.stroemme@ikah.no)  
e-post: [dstroe@online.no](mailto:dstroe@online.no)

Guro Dagestad, Vikjavegen 662, 5700 Voss. Tlf. 56 51 43 65 e-post [ro-dage@online.no](mailto:ro-dage@online.no)

+ til (heimesida) Bente Kopperdal Hervik, Halland, 5936 Manger  
Tlf. mobil 992 45 469 e-post: [bkhervik@yahoo.no](mailto:bkhervik@yahoo.no)